

Det er uvist når den havariramma supplybåten Siem Pilot kjem til Eidsvik Skipsbyggeri for fullføring. No ligg han i dokk i nærleiken av Istanbul i Tyrkia for reparasjon av skaden han fekk då han skulle slepast til Noreg og Uskedalen sist haust.

- Vi tenkjer minst mogeleg på dette om dagen og konsentrerer oss heller om det vi kan gjera noko med, seier Svein Arne Eidsvik til Kvinnheringen. No skulle dei ha vore i innspurten med utrustinga av Siem Pilot for overlevering av båten til reiarlaget i Stavanger i mars.

Eidsvik har tross havariet unngått permitteringar så langt. Heller ikkje har dei sendt ut permitteringsvarsel for nokon av sine tilsette. Fleire av dei er utleigde til andre bedrifter medan andre er beskjeftiga med stålproduksjon og utrusting av ein lektar på verftsområdet i Uskedalen.

Lektaren er eit prosjekt dei har i samarbeid med Bergen Group Intech på Opsanger og som skal nyttast av oljeindustrien i Middelhavet for vedlikehald av leidningar.

Biletet over av Siem Pilot i Tyrkia var teke for få dagar sidan av Helge Enes.

Av Ola Matti Mathisen